



Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren for næring og kultur

Høyring - Utkast til forskrift om kapasitetsøkning for tillatelser til akvakultur med matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret i 2017/2018

Nærings- og fiskeridepartementet sende 2.november 2017 på høyring «utkast til forskrift om kapasitetsøkning for tillatelser til akvakultur med matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret i 2017/2018», med frist for høringssvar 8.desember 2017.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sende følgjande fråsegn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner avgjerda om å sette område 4 i raudt er gjort basert på det vi meiner er eit svakt kunnskapsgrunnlag, med for få overvakingsdata over ein for kort periode (2 år). Det må prioriterast å hente inn meir og breiare kunnskap i vårt område.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at ordninga vil kunne generere ei relativt stor inntekt til kommunar og fylkeskommunar, men meiner kostnaden på kr 120 000 pr. tonn vekst kan vere noko høg. Vi ber departementet vurdere å gjennomføre auksjonen først, for å sjå kva pris marknaden set pr. tonn konsesjonsbiomasse, og deretter fastsette pris på det faste salet til eksisterande konsesjonar.

Bakgrunn

Nytt system for kapasitetsjusteringar i norsk lakse- og aureoppdrett tok til å gjelde 15.oktober 2017. Innanfor kvart av produksjonsområda vert næringa sin miljøpåverknad vurdert i form av korleis lakselus påverkar vill laksefisk. Er miljøpåverknaden akseptabel (grønt) vil næringa kunne få tilbod om vekst. Er miljøpåverknaden moderat (gult) vert kapasiteten frosen, og er miljøpåverknaden uakseptabel (raudt) kan kapasiteten senkast.

Havforskningsinstituttet (HI) har på oppdrag frå Mattilsynet (MT) og Nærings- og Fiskeridepartementet (NFD) ansvaret for å koordinere overvaking, forskning og rådgiving vedrørende lakselusinfestasjon på vill laksefisk langs Norskekysten (NALO-programmet). Det vert gjennomført ved fangst av vill laksefisk ved tråling, ruse og garnfiske. Eller ved å overvake påslag av lakselus på fisk i bur.

Andelen vill laksefisk med meir enn 0,1 lus per gram kroppsvekt nyttast som indikator på infestasjonsgraden. Denne verdien er eit etablert mål på byrjande negativ påverknad av lakselus på vertsfisk. Data frå overvakinga nyttast til å berekne sannsynleg dødeligheit på villfiskpopulasjoner:

Lav risiko/påvirkning
Det er sannsynlig at < 10 prosent av populasjonen dør pga. luseinfeksjon.

Moderat risiko/påvirkning
Det er sannsynlig at 10–30 prosent av populasjonen dør pga. luseinfeksjon.

Høy risiko/påvirkning
Det er sannsynlig at > 30 prosent av populasjonen dør pga. luseinfeksjon.

Usikkert kunnskapsgrunnlag

Ei ekspertgruppe har levert ein rapport der dei har gått gjennom all tilgjengeleg kunnskap på området, og vurdert åra 2016 og 2017, men ikkje gjort ei samla vurdering for dei to åra. Basert på denne rapporten har ei styringsgruppe gitt departementet eit fagleg råd. Styringsgruppa har vore samansett av 3 representantar, dvs ein frå kvart av institutta; Veterinærinstituttet, Havforskningsinstituttet og Norsk institutt for naturforskning.

Sogn og Fjordane ligger i område 4 (Nordhordland til Stadt). Dette området vart sett i raudt og styringsgruppa hadde gitt følgjande råd:

Sannsynlig dødelighet > 30% med middels usikkerhet: Usikkerheten er vurdert til middels fordi det finnes bare overvåkingsdata fra deler av området, som viser høy risiko, samtidig som deler av området har dårligere dekning.

For 2016 vurderte ekspertgruppa risikoen til 10-30 %, medan det i 2017 vart sett til < 30%.

Styringsgruppa har gjort ei samla vurdering for perioden 2016-2017, basert på lik vekting av desse åra. Der vurderingane er forskjellige for eit område i dei to åra og usikkerheten er middels eller stor, har styringsgruppa valt ei konservativ tilnærming, som inneberer at det er det året med høgast risiko som har blitt gitt størst vekt.

Rådet er basert på overvakingsdata frå trål og bur i ytre Sognefjorden og ved Sørbøvågen, eit område ytterst i Nordfjord. Rådet meiner infestasjonen på ruse og garnfanga sjøaure i ytre deler av Sognefjorden samt i Nordfjord fører til høg risiko for lakselus indusert dødelegheit på utvandrande laksesmolt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er ikkje nøgd med at få overvakingsdata over ein periode på berre to år skal vere grunnlag for ei avgjerd for vekst eller ikkje i vårt område.

Økonomi

Etter den nye ordninga vert det no gjeve tilbod om vekst på 6 % for dei produksjonsområda som har fått «grønt lys» ut frå indikator lakselus. Dette gjeld for 8 av dei 13 produksjonsområda.

I forslaget som no er sendt på høyring gjeld 2 % vekst i dei 8 grøne områda. Resterande vekst (4%) i dei same områda vil bli gjennomført som ein auksjon med nye løyver på eit seinare tidspunkt.

Vederlaget for 2 % vekst er sett til 120 000 kr. pr. tonn vekst på eksisterande løyve. Eit vanlig løyve på 780 tonn MTB gjev ein kapasitetsauke på 16 tonn og eit vederlag på 1 920 000 kr om tilbodet vert nytta.

2 % vekst i grøne områder gjev ein samla vekst på 7 937 tonn MTB.

2 % vekst i dei 8 produksjonsområda som har fått «grønt lys» gjev samla 7 937 tonn vekst. I kroner utgjør dette samla ca. 952 mill. kr.

Fylkeskommunane og kommunane skal ha 80 % av vederlaget. Fylkeskommunane skal vidare ha 12,5 % av dette. Fylkeskommunane sin del blir ut frå dette ca. 95 mill. Område 4 utgjør store delar av Sogn og Fjordane og ut frå fordelingsnøkkel MTB utgjør det ca. 12,85 %.

Vederlag som kjem Sogn og Fjordane fylkeskommune til gode vert ca. 9 millionar dersom alle nyttar tilbodet om 2 % vekst. Resterande vekst innanfor totalt 6 %, skal tildelast gjennom auksjon på eit seinare tidspunkt.

Om auksjonen resulterer i bod på 120 000 kr pr. tonn vert det ei samla inntekt på ca. 1,9 milliardar, og Sogn og Fjordane sin del av dette vil i så fall bli omlag 17 millionar.

Om auksjonen resulterer i bod på 80 000 kr pr. tonn blir det ei samla inntekt på ca. 1,27 mrd. gjennom auksjon, og Sogn og Fjordane sin del av dette vil i så fall bli omlag 11 mill.

Denne ordninga vil kunne generere ei relativt stor inntekt til kommunar og fylkeskommunar, føresett at heile 6% veksten vert selt. Kostnaden på 120 000 pr. tonn vekst kan vere noko høg. Fylkeskommunen vil difor foreslå at det gjennomførast ein auksjon først for å sjå kva pris

marknaden set pr. tonn konsesjonsbiomasse og deretter fastsette pris på det faste salget til eksisterande konsesjonar etter dette.